

Innspel til stortingsmelding om villrein

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) vart grunnlagt i 1890 og er vestlandets største friluftsansjon med over 30 000 medlemmar. BHT er tilslutta Den Norske Turistforening (DNT) som har over 320 000 medlemmer på nasjonal basis. Turlaget sitt føremål er å tilretteleggja for eit aktivt, allsidig, enkelt og naturvenleg friluftsliv, og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

Vern gjennom bruk

BHT meiner regjeringa må bygga vidare på ein politikk med god balanse mellom bruk og vern. Det er utfordrande å gjere gode avvegningar mellom villrein og friluftsliv, men med riktig tilrettelegging og aktiv bruk av informasjon kan ein ivareta begge omsyn. I tillegg er det slik at friluftslivet er ei kjelde til både kunnskap og respekt for naturen, og framtidig naturforvaltning kviler på at ein klarar å forvalte og styrke den norske friluftstradisjonen. Av den grunn vil me peike på at allemannsretten **må** vere eit styrande prinsipp for arbeidet med stortingsmeldinga. Omfattande ferdselsrestriksjonar gjennom forbod vil vere eit historisk brot med ein eineståande kulturell og juridisk praksis som har brei oppslutning i befolkninga. Det fins betre alternativ.

God rettleiing

Rettleiing av turgåarar er viktig for å ta vare på villreinen. Dei fleste ynskjer å ta vare på naturen dei ferdast i, men mange manglar naudsynt kunnskap til å kunne gjere det. Gjennom UT.no når DNT sær mange brukarar og påverkar deira val av turmål og ruter i planleggingsfasen. BHT har eigne varsel for våre hytter og ruter i villreinområda, og etter vår kjennskap gjeld dette heile DNT. På UT.no vert det informert om kalvingsperioden og det vert oppfordra til å vise omsyn og velje alternative område. Det vert gjeve ferdselsråd og informasjon om når turisthyttene våre er stengt.

I tillegg til informasjon på UT.no kan BHT gje me personleg rettleiing på overnattingsstader gjennom hyttevertar, og dei lokale turlaga kan utdanna sine medlemer og turdeltakarar til å forstå villreinen sin behov, til å gjere gode vegval, og til å ta naudsynt omsyn. BHT har i sin nyleg vedtekne berekraftsplan vald å satsa på naturkunnskap i alle våre aktivitetar. Det vil seie at me skal nytte våre turleiarar og hyttevertar som kunnskapsspreiarar og kulturdannarar, me skal nytte hytter og ruter som arena for læring om biologisk mangfald, og me vil slik bruke friluftslivet som eit område for å utvikle meir naturkunnskap. Prosjektet er i dag drive saman med UiB. Stortingsmeldinga bør difor vurdere DNT sine aktivitetar, hytter og ruter både som ein påverknad på villrein, og som ein arena for å nå ut med kunnskap og haldningar til naturvern og naturforvaltning.

Kanalisering

Gjennom god tilrettelegging kan DNT-foreiningane kanalisera menneske til område som tåler det, og redusera trafikk i område som er sårbare. Dette vil seie at ein må bygga opp gode friluftsområde som toler auka ferdsel, redusera enkelte rutetilbod, og vurderer flytting av enkelte hytter. For BHT er det viktig at myndigheitene tek ansvar for finansiering og naudsynte løyver for å kunna gjera dei grepa ein finn det tilrådeleg å gjennomføra ut frå eit villreinfagleg perspektiv. Friluftsmeldinga (St.mld. 18 (2015-2016)) er eit godt dokument som syner at ein i villreinområda bør nytte ressursar på å ivareta eit friluftsliv med stor betydning for mellom anna folkehelse og naturbasert reiseliv.

Kunnskapsgrunnlag

BHT meiner stortingsmeldinga må syne totalbiletet av påverkningsfaktorar. BHT skal gjere sitt for å betre tilhøva for villreinen, men det må skje på bakgrunn av god kunnskap. Det kan vere lett å peike på friluftslivet og turlaga sine hytter og ruter, då desse er godt synlege med lett tilgjengeleg besøkstal. Meldinga bør også skildre dagens kunnskapsgrunnlag knytt til motorferdsle og manglar ved dette kunnskapsgrunnlaget. Det kan vera trong for betre dokumentasjon av det samla omfanget av motorisert ferdsel – inkludert ulovleg køyring. Meldinga må syne korleis ein kan betre innrapporteringsrutinar, kva omfang det kan vere av udokumentert ferdsle, korleis dette kan kartleggast, og kva påverknad motorferdsle har på reinen.

Med helsing

Helen Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag

Elisabeth Skage
Styreleiar
Bergen og Hordaland Turlag

Dag Sandvik
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag